



Voss herad

Status SNU Utval for Kultur og Næring

13. mai 2025

Kaia Finne
Næringssjef

Nokre milepælar den siste tida

Gjennomført Vossadagane

Ferdigstilt moglegheitsstudie Voss sentrum

Sendt søknad om «typisk turiststad» til Statsforvaltar

Etablert Voss Virka AS og landa fleire store brikker i prosjektet (søknadar, finansiering, etc)

Lansert nettsida «Voss Hardanger kallar»


Planlagt rekrutteringdag under Ekstremsportveko – «Why Voss»

Lansert nettside «retteleiar for arrangement»

Slått saman arbeidet med beitebruksplan og besøksforvaltning – gjennomført nytt møte med arbeidsutvalet

Beddriftsnettverk for trevirke – kopla på Lys i gamle hus

Initiert nye prosjekt – gjennomført eit fyrste møte med Innovasjon Noreg





Voss herad











9 utvalgte hypoteser| Det er enighet om følgende 9 hypoteser* som må være sanne for at Voss Virka skal lykkes med å nå ambisjonen...

Voss Virka Hvordan skal vi vinne?

1

For å lykkes må Voss Virka AS sikre nok finansiering til å dekke 2-4 års koordinering og drift av parken

2

For å lykkes må eksisterende startups i Voss Virka lykkes med skalering innen 2027

3

For å lykkes må risikoen for bøndene reduseres gjennom offentlig støtte til finansiering av nødvendig investering på gårdene

4

For å lykkes må 1-3 regionale/lokale, solide og robuste aktører inn i parken og/eller ressurs-samarbeidet etableres innen 1-4 år

5

For å lykkes må 1-3 større*, solide og robuste selskaper med økonomisk tyngde etableres i parken innen de neste 1-4 årene

6

For å lykkes må en innovasjonshub for bioøkonomien/organisk gjødsel etableres innen 1-2 år

7

For å lykkes må Voss Virka AS etablere et robust nettverk for kunnskapsdeling og samarbeid mellom bedriftene i parken

8

For å lykkes må Voss Virka tilby en konkurransedyktig infrastruktur med tydelig plan for arealbruk i parken

9

Det må skapes en positive drive i Voss og samfunnet for øvrig for å bidra/delta i Voss Virkas suksess (skape følelse av FOMO) blant potensielle aktører

* enkelte hypoteser er flyttet til konkrete tiltak og flere ble revidert ut i fra foreslåtte tekst

Hardanger Voss kallar er lansert

Jobb ↗

Lev ↗

Bu ↗

Jobb i hjartet av det grønne skiftet

Hardanger og Voss er meir enn vakker natur. Det er ein region der grønne arbeidsplassar, innovasjon og omstilling står i sentrum. Her ventar eit mangfald av moglegheiter – frå å utvikle ny teknologi til å gjere ein forskjell i heimesjukepleia.

Rettleiaren for festivalar og arrangement blir lansert i desse dagar

Rettleiar for små og store arrangement i Voss herad

Voss herad har eit pulserande kulturliv og me er ei stolt arrangørbygd. Det skal vera enkelt og oversiktleg å vera arrangør i bygda vår. Her finn du nyttig informasjon og gode råd og tips til planlegging av ditt arrangement. Me er opptekne av eit godt vossaklima så hugs å ta omsyn til folk, natur og kulturminne i både planlegging og gjennomføring. Det er viktig at alle arrangement er tilgjengelege for alle og universell utforming bør difor vera eit førande prinsipp.



Mathall på Vangen

Søknad om støtte til etablering av mathall på Vangen

Me i Voss sentrum ynskjer at det vert etablert eit fast utsal for lokale råvarer, kombinert med enkel servering og formidling om lokal matkultur. Målet er å bidra til eit sterkare og meir berekraftig lokalt matsystem, der både fastbuande, hyttefolk og tilreisande lettare får tilgang til lokalproduserte mat- og drikkevarer.

Tiltaket er i tråd med målsetjingane i handlingsplanen for strategisk næringsutvikling i Voss herad (SNU Voss 2023–2027), der etablering av ei mathall på Vangen er løfta fram som eit konkret tiltak. Prosjektet er forankra i samarbeid mellom næringslivet, landbruket og heradet.

Ellen Trulsdatter Astrup, ved Miljøsmidjo, har ein solid forretningsplan for å kunne gjennomføre eit lokalmatutsal i sentrum. Ho har identifisert eit eigna lokale i Vangsgata, strategisk plassert med torget rett over vegen. Prosjektet vert drifta med stort engasjement og sterk gjennomføringsevne. Det vil vere særleg merksemd på å tilby turistar og andre smakebitar av lokal mat og drikke, samt sal av sesongens lokale råvarer. I sommarhalvåret vil ein kunne tilby kortreiste og giftfrie snittblomar og naturdekorasjonar, som eit tillegg til matutsalet. Nokre bord til uteservering vil i tillegg skape miljø og liv i gatebildet, og gjere tilbodet endå meir tilgjengeleg og innbydande for publikum.

I SNU (strategisk næringsutvikling) står det " 1.5. Kortreist mat og drikke Lokalmat og – drikke gjer Voss herad meir attraktiv for turistar, næringsliv og privatpersonar.

- ❖ Voss er ein destinasjon som satsar på lokalmat – og drikke for å skapa konkurransefortrinn og tiltrekka oss nytt næringsliv.
- ❖ Næringslivet vårt samarbeider for å sikra lokale arbeidsplassar og vidareutvikling av lokalmat- og drikke

(kjelde: [snu-voss_strategisk-naringsutvikling-i-voss-herad_publisert.pdf](#))

Voss Sentrum ser eit stort potensial og ei glimrande moglegheit i at det kan kome eit lokalmatutsal midt i sentrum. På bakgrunn av dette vender me oss til Voss herad med ei oppmoding om støtte til oppstart og tilpassing av lokalet for prosjektet til Miljøsmidjo. Med denne støtta kan prosjektet bli realisert som ein levande og inkluderande møteplass for lokalmat i hjarta av Voss – ein stad som fremjar matglede, kunnskap, samarbeid og berekraftig utvikling. Ein mathall vil kunne trekkja til seg fleire og breiare målgrupper, og på den måten skape eit nytt og attraktivt trekkplaster midt i hjarta av Voss. Dette tiltaket vil ikkje berre gagne mathallen i seg sjølv, men gje positive ringverknader for heile sentrum. Me meiner at ei satsing på ein mathall vil styrke heile Vangen som destinasjon – og er ein naturleg del av ei heilskapleg sentrumsutvikling.

Prosjektet svarar ut på tiltak i SNU og tiltak i prosjektavdelinga

1.5. Kortreist mat og drikke		2023	2024	2025	2026	Ansvar	Andre
Kartleggja lokalmatprodusentar			x			Landbruket	Voss herad
Støtta etablering av meieridrift på Voss		x	x			Næringslivet	Landbruket, Voss herad
Støtta opp om « <i>Rekoring Voss</i> » og « <i>Bondemarknad</i> »		x	x	x	x	Voss herad	Landbruk
Lokalmatprodusentane organiserar seg		x				Landbruk	
Etablerer mathall på Vangen				x		Næringslivet	Voss herad, landbruket
Føretrekkja kortreist mat- og drikke på kurs i kommunal regi		x	x	x	x	Voss herad	Landbruket
Styrka verdiskaping av måltidsopplevingar med lokal mat- og drikkekultur		x	x	x	x	Voss herad	Næringslivet
2.2. Samarbeidsprosjekt							
Initiera prosjektet « <i>Levande Lokale i Voss sentrum</i> »	x					Voss sentrum	huseigarane
1.4. Sirkulære Voss							
Bidra til at satsinga « <i>Biopark Voss</i> » vert realisert			x			IHM	BIR, Invertapro etc
Leggja til rette for auka reperasjon, ombruk, delingsøkonomi mm			x			IHM	
Realisera prosjekt/tiltak frå prosjektet « <i>Sirkulære Voss og omegn</i> »					x	Prosjekteigar	Voss herad, andre

Nye prosjekt i støypeskeia

Me jobbar med søknadar til Innovasjon Noreg si støtteordning til bedriftsnettverk

- Leirskule
- Location-satsing – film/teknologi/media
- Helse

Dersom me lykkast her går det rett inn i tiltaka til SNU og reiselivsstrategien på auka satsing på skuldersesong, midtveke og marknadsføring av Voss.